



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Festsalen, Bømlo rådhus
Dato: 26.08.2015
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Georg Lønning	Nestleiar	H
Kåre Habbestad	Medlem	SP
Svanhild Vespestad	Medlem	AP
Audun Økland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

John-Kåre Torkelsen (KRF) meldte forfall til møtet rett før møtestart. Difor vart ikkje vara kalla inn.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Odd Harald Hovland	Ordførar (PS 31/15 – 35/15 og pkt. 15. i PS 38/15)
Geir E, Aga	Rådmann (PS 33/15)
Bjørn Håvard Bjørklund	Kommunalsjef (PS 33/15)
Inger Johanne Solberg	Rekneskapsrevisjonsrevisor frå Deloitte AS (Heile møtet)
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland fylkeskommune

Sonja Hellen Sele
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 31/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 32/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 33/15	Rådmannen orienterer - Rapport frå Fylkesmannen etter tilsyn med SIB - Ny status		2014/315
PS 34/15	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune		2014/317
PS 35/15	Revisjonsplan 2015 for Bømlo kommune		2014/312
PS 36/15	Forslag til budsjett 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune		2014/311
PS 37/15	Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Bømlo kommune - Løypemelding		2015/17
PS 38/15	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden		2014/321
PS 39/15	Referatsaker		
RS 15/15	Brev frå KPMG 28.5.15 til Tysnes om habilitetsvurdering		2014/200
RS 16/15	Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering		2014/200
RS 17/15	Fylkesmannen i Hordaland - Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016		2014/160
RS 18/15	Vedtak KST - Verdiformuleringar for Bømlo kommune		2014/320
RS 19/15	Vedtak KST - Tertialrapport pr. 30.4.15 - Bømlo kommune		2014/312
RS 20/15	Vedtak KST - Budsjettrevisjon 1. halvår - Bømlo kommune		2014/312
RS 21/15	Vedtak KST - Kommunereformen i Sunnhordland		2014/415
PS 40/15	Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune		2014/313
PS 41/15	Eventuelt		

PS 31/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 32/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møtet 12.5.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 12.5.2015 vart godkjent.

PS 33/15 Rådmannen orienterer - Rapport frå Fylkesmannen etter tilsyn med SIB - Ny status

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Geir E. Aga og kommunalsjef Bjørn Håvard Bjørklund orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen seier at kommunen ser klart sitt eige ansvar i høve barnevernstenesta, sjølv om det er Stord kommune som står for drifta av SIB (Sunnhordland Interkommunale Barnevernsteneste). Tilsynssaka etter Fylkesmannen sitt tilsyn, vert fylgt opp av kommunen.

Kontrollutvalet var nøgd med orienteringa og fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 34/15 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

PS 35/15 Revisjonsplan 2015 for Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Inger Johanne Solberg frå Deloitte viste ein PowerPoint presentasjon av revisjonsplan 2015. Ho orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det er ikkje noko vesentlege endringar i høve fjorårets revisjonsplan.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 36/15 Forslag til budsjett 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2016 i Bømlo kommune slik det ligg føre.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Sekretariatet informerte om at det var lagt for liten sum inn i høve planarbeidet for den nye perioden. Nytt budsjettskjema vart presentert og delt ut i møtet. Revidert skjema vert sendt saman med partsbrev og saksutgreiing til kommunestyret.

Sekretariatet delte ut to dokument i møtet:

- Oversikt over kontrollutvalet sitt rekneskap pr. 31.7.2015.
- Revidert budsjettforslag 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet.

Vedtak i saka var samrøystes med dei endringane som kom fram i møte.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2016 i Bømlo kommune slik det ligg føre.

PS 37/15 Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Bømlo kommune - Løypemelding

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Inger Johanne Solberg frå Deloitte orienterte i saka. Det vart sendt oppstartsbrev i prosjektet med frist for å oversende dokumentasjon innan den 27. mai i år. Kommunen trong utsatt frist og sendte først over etterspurt dokumentasjon i begynnelsen av juli 2015.

Forsinka oversending av dokumentasjon har gjort at revisjonen først etter sommarferien er i ferd med å gjennomgå dokumentasjonen. Revisjonen vil såleis avtale intervju i prosjektet i nær framtid.

I kontrollutvalgets bestilling gjekk det fram at det var ønskjeleg at Deloitte leverte ferdig verifisert rapport med rådmannen sin uttale innan begynnelsen av november 2015. Revisjonen vil gjera sitt beste for å få rapporten klar så raskt som mulig, men det er sannsynlig at det vert vanskelig å levere til det tidspunktet kontrollutvalget hadde ynskje om (begynnelsen av november) og at revisjonen vil ha behov for om lag ein månad ekstra for å leverer rapporten (dette medfører levering i begynnelsen av desember). Dette for å ta igjen den tida kommunen trong ekstra for å skaffe fram dokumentasjon.

Det vart konkludert i møtet at det skal gå greit å ferdighandsama rapporten i fyrste møte i kontrollutalet på nyåret i 2016, for deretter å senda rapporten til kommunestyret for endeleg handsaming.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Løypemeldinga vart teken til orientering.

PS 38/15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Bømlo kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte saka og kom med forslag til dei ulike punkta i evalueringa.

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Kontrollutvalet seier at møta vert gjennomført på ein effektiv og engasjerande måte. Dei seier at sekretariatet legg saker og møter godt til rette for å få gjennomføra jobben i møta. Det vart også kommentert at saksutgreiinga med omfang frå sekretariatet og revisjonen kunne til tider vera noko vanskeleg i høve språkbruk, men at det var blitt noko betre no enn før. Det kom også fram ynskje om ein tettare kontakt mellom avdelingane ute i kommune (td. sjukeheimar) og kontrollutvalet. Dette for å få større innblikk i kva utfordringar osv. desse avdelingane har. Det kom ikkje fram forslag til ytterlegare forbetringstiltak her.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Kontrollutvalet seier at det er akkurat passe med fem møter, i høve dagens saksmengde og omfang.
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Kontrollutvalet seier at dei opplever å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte. Dei meiner det er eit mål å halda fram som no.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Sett ut frå kommunen sine økonomiske utfordringar, er dei økonomiske rammene for kontroll og tilsynsarbeidet so langt gode. Kontrollutvalet opplever i det vesentlege å verta høyrte i høve kva økonomiske rammer dei treng for å gjennomføra oppgåvene sine.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Frå politisk hald i kommunen, vert det uttalt at det er eit «greitt» samarbeid.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Kontrollutvalet opplever at kommunestyret og administrasjonen delvis har ei forståing av kva rolle og ansvar KUV har. For å betra dette, sjå nr. 15. i lista under!
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja, no er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet meiner at dei er for lite synleg på kommunen si heimeside. Dette bør det gjerast noko med snarast!
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Kontrollutvalet meiner det bør jobbast med å verta meir synleg!
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Kontrollutvalet seier at samhandlinga med revisor har vore bra. Eit godt samarbeid.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll fungerer bra.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Kontrollutvalet seier at samhandlinga med sekretariatet fungerer veldig greitt. Veldig stor betring frå før til no.

13	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	Kontrollutvalet meiner utvalet i mykje større grad bør inkluderast, som folkevaltopplæring saman med dei andre politikarane. Til dømes å verta invitert med på ulike fagdagar og kurs i kommunen. Viktig å verta inkludert saman med andre utval og politikarar. I det minste at KUV sin leiar vert invitert med.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera?	<ul style="list-style-type: none"> - Kort innføring i høve roller og ansvar, samt andre viktige moment. - Læra å lesa og forstå forvaltningsrevisjonsrapportar. - Få innblikk i korleis rekneskapsrevisjonen vert gjennomført. - Ha med varamedlemmer på opplæringa. - Felles opplæring med ande kommunale kontrollutval.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: <ul style="list-style-type: none"> - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her? 	Kontrollutvalet tok dette punktet spesielt opp med ordførar i møtet, der dei syner til viktigheita om å få delta på kommunen si folkevaltopplæring. I tillegg burde KUV få tildelt tid for å informera om sine roller og ansvar på folkevaltopplæringa. Ordførar lova å ta dette med seg.
16	Anna	Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Bømlo kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

PS 39/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 15/15 Brev frå KPMG 28.5.15 til Tysnes om habilitetsvurdering

RS 16/15 Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering

RS 17/15 Fylkesmannen i Hordaland - Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016

RS 18/15 Vedtak KST - Verdiformuleringar for Bømlo kommune

RS 19/15 Vedtak KST - Tertialrapport pr. 30.4.15 - Bømlo kommune

RS 20/15 Vedtak KST - Budsjettrevisjon 1. halvår - Bømlo kommune

RS 21/15 Vedtak KST - Kommunereformen i Sunnhordland

PS 40/15 Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 41/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 26.08.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje opp noko under eventuelt.